

Eit levande folkestyre

Det er i kommunestyret at dei viktigaste sakene skal avgjerast

Venstre vil at kommunestyret SKAL ha opne høyringar i viktige saker.

Møter i formannskapet, kommunestyret, komitear og utval skal vere opne slik at borgarar kan orientere seg og delta i folkestyret.

Kommunen må informere borgarane, gjerne gjennom ei eigen avis i tillegg til nettsida.

Skogsskiftet er eit kunstig kommunesenter. Venstre vil leggje ein del offentleg tilbod som t.d. skular og barnehagar, i nærmiljøa.

Venstre vil engasjere ungdom i politikk og vil difor gje 16-åringar stemmerett ved val.

Kultur

Sund kommune skal ha eit inkluderande kulturprofil kor alle har rett til å delta med likeverd i eit mangfoldig kulturliv.

Det må leggjast til rette for eit breitt kultur-, idretts- og friluftsliv. Lag, organisasjonar og andre som driv frivillig arbeid må få gode arbeidsvilkår.

Kommunen skal leggja til rette for at alle funksjonshemma kan nytte kulturtilbodet i kommunen. Det bør vere teleslynge i alle offentlege bygg og lokale som vert brukt som samlingsplassar.

Det må tilsetjast ungdomsarbeidarar som førebyggjande tiltak mot rusmisbruk og kriminalitet.

Kulturarven er viktig for vårt lokale særpreg, miljøet og oppleving av å høyre til ein stad. Vi vil verne om natur- og friluftsområde og ta vare på kystkulturen.

Sjø- og båtliv er viktig for trivsel og næring. Kommunale planar må sikre tilkomst til sjø og båtplassar.

Kommunen har ei særleg ansvar for å ta vare på kulturminne. Det gjeld også kartlegging, merking og offentleggjing av eldre og nyare funn. Ei grundig undersøking må vere del at alle byggjesøknader eller melding.

Sund må ta vare på dei internasjonale kontaktane ein har i dag, og søkje kulturell utveksling.

Nordsjøfartsmuseet er viktig for oss. Kommunen må bruke museet aktivt både i kulturformidling og reiselivssatsing.

Trelleviksområdet bør utviklast til eit senter for kystkulturen.

Din kandidat i Sund Elizabeth Toft Erichsen



Elizabeth Toft Erichsen er 23 år og studerer reiselivsleining ved BI i Oslo. Ho er frå Steinsland og har vore engasjert i politikk sidan ho var 16. I dag er ho vara til sentralstyret og medlem i internasjonalt utval i Unge Venstre. Elizabeth vil at Sund skal vere ein moderne, miljøvenleg kommune som både gamle og unge føler seg heime i. Som Venstrepolitikar er ho oppteken av å vere ombod for veljarane sine og lytta til dei. Og ho vil at Sund skal vere ein av dei første kommunane som gjev lærarane eit kompetanseår til fagleg oppdatering kvart sjuande år.

2. Ronald Slettebakken (1950), Førdestraumen
3. Hans Golten (1949), Skoge
4. Ellen Pedersen (1955), Bogen på Glesvær
5. Vegard Sælensminde (1975), Førde
6. Torvald Bakke (1961), Glesvær
7. Birger Steinsland (1944), Kausland
8. Kari Østervold Toft (1955), Steinsland
9. Robert Skjoldal (1930), Førdestraumen



venstre

hordaland@venstre.no
sund.venstre.no



venstre



Stem på Venstre!

Vi vil gjere Sund til ein moderne og miljøvenleg kommune!

Sund Venstre -
kommunevalet 2007

Miljø

For Venstre er det å ta vare på natur og miljø ei hovudsak.

Vi vil arbeide for maksimal kjeldesortering for å redusere restavfall, betre bruk av gjenbruksstasjonen og få fleire til å drive varmkompostering. Dette skal ha ein økonomisk gevinst for alle.

Forsøk med gass som energikjelde i offentlege og private bygg må halde fram.

Venstre vil:

- sikre badeplassar i nærområda. Sætrevika må vere tilgjengeleg for alle med tilkomst for rullestolbrukarar og WC.
- sjå til at det vert sett av område til friluftsliv
- kartleggje naturtypene i kystsona vår
- føreslå at Sund kommune blir ein rettferdig handel-kommune og at det vert utarbeidd eit klimarekneskap for kommunen

La grendene leve!

Venstre vil at Sund skal være ein god kommune å bu i. Saman skal vi gjere Sund attraktiv for ungdom og ønskje velkomen dei som vil etablere seg her.

Vi skal stø frivillig arbeid både i grendene og i samfunnet generelt og arbeide for at også dei som ikkje driv organisert fritidsaktivitet får eit tilbod.

Folk som må flykta frå heimlandet sitt må også i framtida kjenne seg velkomne i Sund. Det har synt seg å vere til glede og vekst for alle.

Bustadbygging

Venstre ønskjer å byggje tettare i etablerte område, sjølv om dette kan føre til at det vert bygd nær sjøen. Venstre vil at det skal vere råd for den enkelte borgar å skilje ut eigedom for familiemedlem i spreiddbygde område.

Vi ønskjer at ungdommen vår slår seg ned her i Sund. Vi må finne fram til ordningar som gjer at unge og vanskelegstilte kan kjøpe seg bustad. Dei som fell utanfor tilboda bør få ei kommunal løysing.

Sosialt ansvar

Dei som treng pleie og omsorg skal behandlast med respekt og verdigheit.

Vi treng avlastingsplassar slik at dei som tek ansvar for sine pleietrengande kan få pusterom. Venstre meiner at kommunen må kjøpe både faste og avlastingsplassar på Solhaug.

Alle borgarar må få bu heime så lenge dei ønskjer, og ha lovfesta rett til heimhjelp.

Førebyggjande helsearbeid er ei investering i framtida. Venstre vil styrke innsatsen mot rusmisbruk og gjere psykisk helsevern til eit satsingsområde.

Samferdsle

Venstre vil ha gul-stripe standard for alle hovudvegar i kommunen

Vi vil ha gang- og sykkelvegar og veglys i nærleiken av alle skulevegar og bustadområde.

Vi reknar med at det kjem bru til Lerøy/Bjelkarøy. Samstundes må sambandet over Lerøyosen styrkast, og det bør skje no medan vi ventar på nytt fastlandssamband.

Nytt samband mellom Sotra og fastlandet kjem i neste nasjonale transportplan. Kor det nye sambandet skal liggje vert avgjort i nær framtid. Dette er eit verdival.

Venstre går inn for at sambandet går frå Tellnes i tunnel under Raunefjorden. Vi meiner det er eit rett val fordi

- det gir oss eit alternativ til Sotrabrua
- det styrkar beredskapen
- det fører mykje trafikk utanom Bergen og reduserer dermed forureininga der
- vi kan byggje ut Sotrabrua slik at det vert plass for bybane til Straume.

Venstre vil ha tilbake sambandet til Austevoll når dei no har fått bruene sine på plass.

Vi går inn for to-felts veg med gang og sykkelveg frå Austefjorden til Ågotnes.

Venstre ønskjer ny containerhavn for Bergen havneområde på Lundaneset.

Næringsutvikling

Venstre meiner det er naturleg for Sund å satse på tradisjonelle næringar som fiske, oppdrett og fiskeindustri. Det må leggjast til rette for funksjonelle nausttomtar for næringsdrivande.

Venstre vil ha betre vilkår for borgarar som ønskjer å starte eigen verksemd. Vi vil at kommunen skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for småbedrifter og gründerar som vil etablere seg.

Vi vil ha dialog mellom Sund vidaregåande skule, kommune, lokale verksemdar og elevar om utdanningstilbod, lærlingeplassar og vilkår for å starte opp eiga verksemd.

Venstre meiner det ligg svært godt til rette for å satse på reiseliv og servicenæringar i Sund. Vi har vakker natur, god plass, mange mogelegheiter for friluftsliv og er lett å kome til. Vi er gjestfrie av natur og det vil vere flott om fleire fekk bli kjende med oss og fekk ta i bruk det vi har å by på.

Ein skule for kunnskap og like mogelegheiter

Vi trur det er bra for born å gå på skule der dei bur. Venstre ønskjer difor å halde på noverande skulestruktur. Born og foreldre må kjenne seg trygge på at krinsgrenser ikkje vert endra tilfeldig.

Planlegging av allaktivitetshus ved Stranda skule må starte i denne perioden. Samstundes må symjebassenget byggjast ut til 25 meter.

Skular og barnehagar bør i størst mogeleg grad vere sjølvstyrte og foreldra SKAL ha reell medråderett.

Ungdomsskulen skal heile tida vere oppdatert med gode læremidlar og godt arbeidsmiljø for både tilsette og elevar.

Venstre meiner motiverte lærarar er nøkkelen til ein god skule. Difor vil vi at lærarane våre får eit kompetanseår til eigen fagleg utvikling etter mange års arbeid i skulen.

Samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv må styrkast.

Sund skal alltid ha full barnehagedekning.



venstre